



Seljord kommune

Møteprotokoll

Utval: Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Møtestad: Kommunestyresalen, Kommunehuset

Møtedato: 03.09.2019

Møtetid: 14:00 – 15:35

Fylgjande faste medlemmer var til stades:

Navn	Funksjon	Representerer
Gunvor Susanne Hegni	Leiar	
Rita Andersen	Nestleiar	
Åge Ingar Moen	Medlem	
Elisabeth Haugen	Medlem	
Ole Petter Østevik	Medlem	

Fylgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Fylgjande varamedlemmer møtte:

Navn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Til stades frå administrasjonen:

Navn	Stilling
Finn-Arild Bystrøm	Rådmann

Protokollunderskrifter:

Gunvor Susanne Hegni

Ole Petter Østevik

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka
-------------------	---------	-------

Saker til handsaming

PS 6/19	Legevakt - revidert - Revidert avtale med Notodden kommune 2019 - full legevaktsdekning på natt	
---------	--	--

Saker til handsaming

PS 6/19 Legevakt - revidert - Revidert avtale med Notodden kommune 2019 - full legevaktsdekning på natt

Saksdokument:

Vedlegg:

- 1 Signert avtale om formidling av telefontjenester fra Notodden interkommunale legevakt til legevakttjenesten i kommunene i Seljord og Kviteseid
- 3 Tilbud nattjeneste Seljord- Kviteseid
- 4 anbefalt fordeling økonomi- Interkommunal legevakt Notodden
- 5 Avtale gjeld samarbeid om drift av interkommunal legevaktsentral/legevakt i Seljord for kommunane Kviteseid og Seljord
- 6 Utkast 1 - Avtale om kjøp av legevakttjeneste frå Notodden interkommunale legevakt

Saksutgreiing:

Krav og retningslinjer knytt til legevaktsordninga i kommunen

Legevakt er ein kommunal teneste som har ansvar å vurdere og handtere hendingar og førespurnader om medisinsk augeblikkelig hjelp, og er såleis ein svært viktig teneste for kommunen. § 3-2 i helse- og omsorgstenestelova forpliktar alle kommunar til å sørge for hjelp ved ulykker og andre akutte situasjonar. Det vil seie at kommunen må ha legevakt og heildøgns medisinsk akuttberedskap. I tillegg må det vere ein teneste som kan ta imot naudmeldingar ved akutte situasjonar. Sjølvorganiseringa av ordninga med legevakt vert regulert av akuttmedisinforskrifta, kapittel 2.

I følge akuttmedisinforskrifta, skal kommunen sørge for at det minst er éin lege på vakt heile døgnet. Legevakta sine oppgåver omfattar blant anna det å gje råd og rettleiing ved telefonar om augeblikkelig hjelp, og å diagnostisere og handsame akutte medisinske tilstandar ved legekonsultasjonar og sjukebesøk.

Legevakta skal og vurdere om det er naudsynt å involvere andre tenester i kommunen eller spesialisthelsetenesta. I tillegg skal legevakt raskt kunne rykke ut til ulykker og andre situasjonar der det er naudsynt. Den kommunale legevaktsordning skal kunne yte akuttmedisinsk hjelp ved både somatiske, psykiske og rusrelaterte sjukdommar/lidingar.

§ 7 i akuttmedisinforskrifta sett kompetansekrav til legar som skal gå legevakt aleine. Dette er særleg aktuell for små kommunar der det som regel berre er éin lege på vakt. I akuttmedisinforskrifta står det:

«§ 7. Kompetansekrav til lege i vakt mv.

En lege kan ha legevakt aleine, uten kvalifisert bakvakt, når vilkårene i bokstav a, b, c, d eller e er oppfylt:

a) Legen har godkjenning som spesialist i allmenntjenestemedisin og har gjennomført kurs i volds- og overgrepshåndtering.

b) Legen har gjennomført 30 måneders klinisk tjeneste etter grunnutdanningen (cand.med. eller norsk autorisasjon). Legen må i tillegg, eller

som del av tjenesten, ha gjennomført 40 legevakter, eller ha arbeidet ett år som allmennlege i den kommunale helse- og omsorgstjenesten. Legen må i tillegg ha gjennomført kurs i akuttmedisin og volds- og overgrepshåndtering.

c) Legen har godkjenning som allmennlege etter § 3 første ledd bokstav a, jf. § 8, i forskrift 19. desember 2005 nr. 1653 om veiledet tjeneste for allmennleger. Veiledet tjeneste kan f.eks. gjennomføres i stilling i den kommunale allmennlegetjenesten, eller i stilling i helseforetak der legen er under spesialisering. Legen må i tillegg, eller som del av den veiledelede tjenesten, ha gjennomført 40 legevakter, eller ha arbeidet ett år som allmennlege i den kommunale helse- og omsorgstjenesten. Legen må i tillegg ha gjennomført kurs i akuttmedisin og volds- og overgrepshåndtering.

d) Legen har godkjenning som allmennlege etter § 3 første ledd bokstav a, jf. § 11 fjerde ledd, i forskrift 19. desember 2005 nr. 1653 om veiledet tjeneste for allmennleger. Dette gjelder lege som per 31. desember 2005 hadde en fastlegehjemmel eller stilling ved kommunal legevakt og opprettholdt sin rett til trygderefusjon da kravet om tre års veiledet tjeneste ble innført 1. januar 2006. Legen må i tillegg, eller som del av den veiledelede tjenesten, ha gjennomført 40 legevakter, eller ha arbeidet ett år som allmennlege i den kommunale helse- og omsorgstjenesten. Legen må i tillegg ha gjennomført kurs i akuttmedisin og volds- og overgrepshåndtering.

e) Legen har godkjenning som allmennpraktiserende lege etter § 10 i forskrift 8. oktober 2008 nr. 1130 om autorisasjon, lisens og spesialistgodkjenning for helsepersonell med yrkeskvalifikasjoner fra andre EØS-land eller fra Sveits. Legen må i tillegg, eller som del av den veiledelede tjenesten, ha gjennomført 40 legevakter, eller ha arbeidet ett år som allmennlege i den kommunale helse- og omsorgstjenesten. Legen må i tillegg ha gjennomført kurs i akuttmedisin og volds- og overgrepshåndtering. Kommunen plikter å etablere bakvaktordninger for leger i vakt som ikke oppfyller kravene i første ledd. Kompetansekravene i første ledd gjelder tilsvarende for leger som skal ha bakvakt. Bakvaktlege må kunne rykke ut når det er nødvendig. Plikten til å rykke ut omfatter ikke bakvaktlege ansatt i «hovedlegevaktsentral» i forbindelse med pilotprosjekt som skal gjennomføres på legevaktfeltet.

Dersom det ikke er mulig for kommunen å skaffe leger som oppfyller kompetansekravene, kan fylkesmannen gjøre unntak fra kravene i første ledd. Det kan bare gjøres unntak for leger som tiltrer i vikariater av inntil to måneders varighet og som har gjennomført minst et og et halvt års veiledet tjeneste etter forskrift 19. desember 2005 nr. 1653 om veiledet tjeneste for allmennleger § 4, eller har gjennomført spesialistutdanningens første del/LIS1 (et og et halvt år). Det kan ikke gjøres unntak for leger som skal ha bakvakt.»

Dei auka kompetansekrava vart innført frå 1. mai 2018. Kommunar kan samarbeide om legevakt og lege i bakvakt, og samarbeidande kommunar omfattar då eit legevaktsdistrikt.

Dagens ordning for legevakt i Seljord kommune

Seljord kommune har i dag eit todelt samarbeid om legevakt, både med Kviteseid og Notodden kommune. Seljord og Kviteseid har eit interkommunalt samarbeid om felles

legevakt som har fungert bra i mange år. Samarbeidet er organisert etter vertskommunemodellen, med Seljord som vertskommune, og er fysisk plassert ved Seljord helsesenter. Legevakta gjev tenester til ca. 5.300 innbyggjarar, men i festivaltider er talet mykje høgare. Det vert difor sett inn ekstra bemanning 10 døgn i året, ved Seljordfestivalen, Contryfestivalen og Dyrsku'n. I tillegg server legevakta 4 hotell, 2 skianlegg, mange hyttebuarar og campingplassar.

Begge kommunane sørger for legar til vaktordninga på kveld, natt og heilag dagar, medan sjukepleiarane er tilsett i Seljord kommune. Det er i dag tilsett 6 sjukepleiarar, med 2 faste vikarar. Dei fleste sjukepleiarane jobbar også ved legekantoret. Det er 10 legar i samarbeidet. På ein vanleg kvardag er det 1 sjukepleiar på vakt og 1 lege i heimevakt. Ved dei tidligare nemnde festivalane, er det 2 sjukepleiarar og 1-2 legar på vakt.

Når legekantoret i Seljord stenger, opnar legevakta i same lokala. Sjukepleiar er tilstade og har aktiv vakt fram til kl. 23:00, medan lege har heimevakt og vert kalla ut på oppdrag. Frå kl. 23:00 er det berre lege på vakt. Legen har heimevakt og rykker ut på oppdrag etter avtale med legevakta på Notodden. Responstida for legar på natt skal vere 20 minuttar.

Om legen ikkje har kompetanse jf. § 7 i akuttmedisinforskrifta, må kommunen organisere bakvakt for legevaktslegen. I Seljord er det 5 legeheimlar, kor 3 er ferdig spesialistar og 2 er LIS3 (LIS: lege i spesialisering 1-3). I tillegg er det 2 LIS1 (tidligare turnuskandidat) som også går vakter. Alle LIS1 leger må ha bakvakt. Dei LIS3 som ikkje har tilstrekkelig praksis og rettleiing jf. § 7. c i akuttmedisinforskrifta, må også ha bakvakt. I Seljord kan alle dei fast tilsette legane gå legevakt utan bakvakt. For augeblikket har vi vikarar som må ha bakvakt. Kviteseid har 3 legeheimar, men den eine er for tida vakant. Kviteseid har dermed 2 legar med vaktkompetanse, ein vikar og ein LIS1 med inn i samarbeidet. Det vil seie at det per dags dato er trong for bakvakt for 3 LIS1 og 2-3 LIS3.

Frå kl. 22:45 startar samarbeidet med Notodden kommune. Notodden har telefonteneste for Seljord og Kviteseid kommune, og gjev beskjed til lege ved legevakta i Seljord om eventuelle oppdrag.

Begge dei interkommunale samarbeida er regulert av samarbeidsavtalar. Gjeldande avtale om samarbeid med Kviteseid kommune er frå 01.01.2009. Vaktene vert fordelt mellom Seljord og Kviteseid etter innbyggjartal per 1. juli, med verknad frå 1. januar året etter. Det er knytt 30 % administrativ ressurs til legevakta i Seljord (endra i samarbeidsutval i etterkant av avtala).

Avtala med Notodden kommune gjeld frå 01.07.2017 og omhandlar formidling av telefonteneste. Frå kl. 22:45 til kl. 08:00 tek Notodden interkommunale legevakt over legevaktstelefonen for Seljord og Kviteseid kommune. Legevaktsamarbeidet i Kviteseid og Seljord har inngått ei avtale om kjøp at tenester frå Notodden kommune. Notodden deltek i eit legevaktsamarbeid med Hjartdal, Bø og Sauherad. Kostnadane vert fordelt etter tal på kommunar og tal på innbyggjarar. Det at Bø og Sauherad vert ein kommune frå 2020 gjev difor utslag for finansieringa fordi det vert ein kommune mindre å fordele kostnadar på. Dette får innverknad på kostnadane for Seljord og Kviteseid kommune frå 2020. Avtala har difor vorte revidert våren 2019, og i den nye avtala er det lagt til grunn eit nytt forslag til kostnadsfordeling. Det er i utgangspunktet eit års oppseiing av avtala for begge partane, men det ligg i korta at alle partane ønsker ei endring. Om

Seljord godkjenner ny avtale med full legevaktsteneste på natt, kan ny avtale gjelde frå hausten 2019.

Utfordringar knytt til legevaktstenesta

Det er fleire utfordringar knytt til legevaktstenesta slik den er organisert i dag. Dei største utfordringane er knytt til det å ha nok personell og sikkerheita for dei tilsette.


For tida har Seljord og Kviteseid 10 legar som deler på legevakt for Seljord og Kviteseid. Legevaktstenesta kjem i tillegg til den ordinære stillinga som fastlege/lege slik at om legen går i 100% stilling, kjem legevakt på «toppen». Dette gjev stor slitasje på dei tilsette, noko som til tider kan gje utfordringar med å få dekt opp alle vaktene. Det å ha vakt på både på kveld og natt er belastande, og det er eit ønske frå dei tilsette at nattevaktene vert organisert som tidligare, då Notodden hadde full legevaktsdekning på natt.

Ein anna utfordring er at personalet ved legevakta er mykje aleine. Sjukepleiar i aktiv vakt på kvelden er «aleine på huset» og kallar inn legen ved oppdrag. Om nokon kjem på døra, kan det vere at sjukepleiaren må vere aleine med pasienten inntil legen kjem. Det same gjeld legen på nattevakt. Legen møter alle pasientane aleine på nattevakt, noko som kan vere ein sikkerheitsrisiko. Det har vore situasjonar på legevakta der dei tilsette er truga, seinast no i vår. For å sikre dei tilsette, er det sett i verk tiltak slik at det ikkje er fri tilgang til legevakta sine lokale, men dei tilsette må låse inn pasientane. Sjølv med dette tiltaket, er det knytt uro til sikkerheita for dei tilsette på nattevakt. Våren 2018 vart det gjort utrekningar for å finne kostnaden ved å ha sjukepleiar i nattevakt og eigen telefonteneste for Seljord og Kviteseid kommune. Kostnaden vert berekna til 1.750.000 kroner. På grunn av høg kostnad vert dette tiltaket ikkje sett i verk.

Statestikk for legevakta


Legevakta i Seljord samlar inn ulik statistikk etter type oppdrag (telefon/frammøte), hastegrad (triage: raud/gul/grøn), og etter handsaming (sjukepleiarråd, konsultasjon, telefon lege, sjukebesøk, henvisning, innlegging i sjukehus, kommunal øyeblikkelighjelp-seng, ambulanse, og gjestepasient). Kostnaden vert berekna ut frå talet på oppdrag. Oppdrag vert innan akuttmedisin delt inn etter hastegrad, såkalla triage. Raud triage har høgast hastegrad og personen skal vurderast av lege med ein gong. Ved gul hastegrad er det framleis hast, men ikkje så hastig som ved raudt oppdrag. Ved grønt oppdrag er det ikkje hast, og pasient bør få legetilsyn innan 60 minuttar.

Statestikk for Seljord viser at det var totalt var 4234 oppdrag for Seljord og Kviteseid i 2018. Det var då både telefonkonsultasjonar og frammøtte pasientar (Figur 1.)



Figur 1.

Statistikken viser også at det i hovudsak dreier seg om grønne oppdrag (Figur 2.). Heile 3095 av oppdraga i 2018 var grønne oppdrag, det vil seie ca. 73 %. Dei gule oppdraga utgjorde ca. 22 % av oppdraga, medan berre ca. 4 % var raude oppdrag. Som statistikken viser, er det fleire oppdrag knytt til innbyggjarar i Seljord kommune. Av grønne oppdrag er heile 65 % av oppdraga knytt til Seljord kommune.



Figur 2.

Kostnadar knytt til drift av legevakta

Legevakt er ei lovpålagt teneste for kommunen, og er å rekne som ein del av «grunnpakka» som må vere på plass heile døgnet gjennom heile året. På dagtid er det legekontora som tek unna akutte hendingar, men på kveld, natt, helg og heilagdag er det legevakta som tek over. Tilsette ved legevakta må ha høg kompetanse i alle ledd for å sikre god kvalitet, noko som er kostnadsdrivande.

Det er difor svært viktig å få til gode interkommunale samarbeid som både tilfredstillar kravet om god kvalitet, høg kompetanse, geografisk nærleik til tenesta og ein

akseptabel kostnad for kommunen. For 2019 er det budsjettert for ein netto driftskostnad på 2.537.000 kroner.

Dagens avtaler:

Dei avtalene Seljord kommune har i dag sikrar eit godt tilbod om legevakt for Seljord og Kviteseid kommune, men som tidligare nemnt er det naudsynt å endre på avtala med Notodden kommune. Det kan og vere aktuelt å revidere avtala med Kviteseid kommune slik at den er oppdatert med dei små endringane som er gjort sidan 2009.

Jf. avtala om interkommunalt samarbeid om legevakt mellom Seljord og Kviteseid kommune, skal kostnadane fordelast slik at 25% er etter innbyggjartal og 75% er etter forbruk. I 2018 vart fordelinga av kostnadane fakturert slik: 61,79 % Seljord og 38,21 % Kviteseid. I kostnadane ligg både lønskostnadar og driftsutgifter.

Kostnadsfordelinga jf. dagens samarbeidsavtale med Notodden kommune er slik at Seljord og Kviteseid kommune må betale 20 % av det som er kostnaden ved å vere 100 % med i samarbeidet. Kostnaden for 100 % medlemskap vert rekna ut slik: 50% av kostnadane vert fordelt likt mellom partane og 50% av kostnadane delast på innbyggjartalet, og Seljord betalar 20 % av denne summen. For 2019 er det berekna ein kostnad for Seljord kommune på 401.000 kroner. For Kviteseid kommune er det berekna ein kostnad på ca. 374.000 kroner. Til saman vert kostnaden for begge kommunane på 775.000 kroner.

Kostnaden ved drift av legevakt på natt i Seljord:

Det er både inntekter og utgifter knytt til drift av legevakt på natt for Seljord og Kviteseid kommune. Kostnadane er knytt til løn, tap av inntekt på dagtid på grunn av kompenseringe fri dagen etter og kjøp av tenester frå Notodden kommune. Inntektene er konsultasjonsgebyr på natt.

I samband med revidering av avtala med Notodden, har Seljord sett på kva det kostar å drive den interkommunale legevakta på natt i Seljord. Det er nytta tal frå 2018 og 2019. Tala er rekna om til 2020 tal ved å gange med pris- og lønsjustering (2,5 %) to gonger* (2018 tal) eller éin gong** (2019 tal). Alle summene er i hovudsak runda av til næraste 1000. Det er mange usikre faktorar knytt til tala og utrekningane gjer difor ikkje eit nøyaktig kostnadsbilde.

Løn legar nattevakt

Når det gjeld kostnadar til løn vert det gitt eit fast kronebeløp per vakt. Det er ulik sats for vakt i veka, i helg og på heilagdag. Legane har heimevakt og får tillegg for utrykkingar på vakt. Når det gjeld kostnadar for kommunen, må også sosiale kostnadar reknast med.

I 2018 vart det registrert 85 utrykkingar, med totalt 142 timar. Kvar time vert betalt med ulike satsar alt ettersom det er helg/kvardag/heilagdag, og om legen har vaktkompetanse eller ikkje. I denne utrekninga er det nytta eit snitt på 1000 kr pr. time.

Sosiale kostnadar knytt til legevakt på natt i 2018 er berekna å vere 131.000 kroner (2018 tal). I 2020 tal vert det 138.000 kr.

Vakter	Timeløn x tal på vakter x (2018 tal):	Tal 2020*
Natt – Måndag-fredag	990 kr x 252 vakter = 249.480 kr	262.110 kr
Natt – Laurdag-søndag	1368 kr x 100 vakter = 136.800 kr	143.726 kr
Natt – Høgtid	1575 kr x 13 vakter = 20.475 kr	21.512 kr
Sum løn legar – heimevakt	406.755 kr	427.000 kr

Utrykningar – Lege natt	Tal 2018	Tal 2020*
142 timar (85 utrykningar) x 1000 kr	142.000 kr	149.000 kr
Sosiale kostnader	131.000 kr	138.000 kr

Berekna kostnader for løn legar	Tal 2020*
Vakt - Heimevakt	427.000 kr
Utrykningar – Lege natt	149.000 kr
Sosiale kostnader – Løn natt	138.000 kr
Samla sum – Løn legar nattevakt	714.000 kr

Kostnader knytt til telefoneneste ved Notodden legevakt – eksisterande avtale

I 2018 betalte Seljord og Kviteseid kommune 722.000 kroner for telefoneneste på Notodden. For 2019 er det budsjettert med ein kostnad på 775.000 kr. Det er lagt til 2,5 % éin gong for å få 2020 tal**.

I tillegg kjem kostnaden knytt til kommunesamanslåing mellom Bø og Sauherad som gjev færre kommunar å dele kostnadane på. Notodden kommune har berekna denne auka til å vere 101.667 kr for Seljord og Kviteseid i 2019 tal.

Telefoneneste sjukepleiar natt	Tal 2019	Tal 2020**
Seljord	401.000 kr	
Kviteseid	374.000 kr	
Sum – Eksisterande avtale	775.000 kr	794.000 kr

Gamal avtale	Tal 2019 før samanslåing	Tal 2019 etter samanslåing	Tal 2020**	Tal 2019, Auke -Gamal avtale etter samanslåing	Rekna om til 2020 tal**
Seljord	400.878 kr	451.722 kr		50.844 kr	
Kviteseid	374.355 kr	425.178 kr		50.823 kr	
Sum	775.233 kr	876.900 kr	898.823 kr	101.667 kr	104.000 kr

Samla kostnad knytt til telefoneneste på Notodden, eksisterande avtale	Tal 2020**
Telefonteneste Notodden	794.000 kr
Ekstrakostnad som følge av kommunesamanslåing	104.000 kr
Samla sum telefoneneste Notodden, etter kommunesamanslåing	898.000 kr

Inntekter ved legevakt i Seljord og tap av inntekt ved legekantor på dagtid

I tillegg til kostnader kjem inntektstap. Om kommunen følger eksisterande ordning, beheld kommunen inntektene jf. dagens nivå. Inntekta er stipulert til ca. 1200 kr per utrykking.

Inntekter – Legevakt på natt i Seljord	Tal 2018	Tal 2020*
1200 kr x 85 utrykkingar	102.000 kr	107.000 kr

Når legane går nattevakt må dei ha kompenseringe fri dagen etter, dette gjev eit inntektstapet på legekantoret dagen etter vakter. Tapet er stipulert til 1700 kr per heile dag. Slik vaktbelastninga er i dag, utgjer tapet 3 heile dagar per veke (1 heil dag+4 halve dagar).

Tap av inntekt dagen etter ved legekantoret	Tal 2018	Tal 2020*
Tap av inntekter dag Seljord	165.750 kr	174.000 kr
Tap av inntekter dag Kviteseid	89.255 kr	94.000 kr
Sum		268.000 kr

Samla kostnader knytt til dagens ordning for legevakt på natt, oppdatert til 2020 tal

Samla kostnad knytt til eksisterande legevaktsordning i Seljord kommune og med telefoneneste på natt i Notodden kommune gjev ein stipulert kostnad for 2020 til 1.773.000 kroner.

For Seljord og Kviteseid til saman – 2020 tal	Beløp i 2020
Løn legar på nattevakt	714.000 kr
Tap av inntekt pga kompenseringe fri dagen etter	268.000 kr
Inntekter frå legeoppdrag i Seljord på natt	-107.000 kr
Sum nattevakt legar – Netto kostnad	875.000 kr
Telefonteneste Notodden – dagens avtale	794.000 kr
Ekstrakostnad som følge av kommunesamanslåing	104.000 kr
Samla sum telefoneneste Notodden, etter kommunesamanslåing	898.000 kr
Samla sum eksisterande avtale, etter kommunesamanslåing	1.773.000 kr

Ny avtale med Notodden om full legevaktsteneste på natt

Det er tidligere gjort forsøk på å finne ei løysing for eit interkommunalt samarbeid om legevakt i Vest-Telemark, noko som ville gje eit «stort nok» pasientgrunnlag til ei «robust» teneste. Det har ikkje lykkast å få til dette, noko som gjer at alle kommunane i Vest-Telemark er knytt til større legevakter utanfor regionen. For Seljord og Kviteseid har samarbeidet vore knytt til Notodden interkommunale legevakt. Utgangspunktet for å forhandle ei ny avtale om legevaktsamarbeidet med Notodden kommune er todelt. Det er både eit ønske frå dei tilsette om å sleppe nattevaktene på grunn av stor belastning, og utfordringar kring personalsikkerheita. Eit anna perspektiv er at tenesta vil verte meir kostbar når det er færre kommunar i samarbeidet. Dette fordi 50 % av kostnadane vert fordelt per kommune, uavhengig av innbyggjartalet.

Ei større legevakt er meir robust med tanke på kompetanse, sjukdom og vikarar. I tillegg er det rom for å ha fleire på jobb, noko som gjev auka sikkerhet for personalet. Om Seljord og Kviteseid kommune sjølv skal løyse disse utfordringane, vil kostnaden bli for høg og tilbodet for sårbart for sjukdom og anna fråvær. Såleis vil eit utvida samarbeid med Notodden om full legevaktsteneste på natt vere eit godt alternativ som ikkje i større grad reduserer dei faglige kvalitetane ved tenesta. Den største ulempa er naturlegvis at avstanden til legevakt på natt aukar.

Ei utfordring for Notodden interkommunale legevakt er at når Seljord og Kviteseid kommune ønsker å bli med i legevaktsdekning på natt, har legane rett på auka timeløn fordi innbyggjartalet kjem over 30.000. Notodden kommune har berekna meirkostnaden ved å utvide legevaktsdistriktet til å vere på 900.000 kroner. I forhandlingane er det kome fram at Seljord og Kviteseid må ta denne kostnaden, men då slepp kommunane dei auka kostnadane som kjem når Bø og Sauherad vert éin kommune.

I prosessen våren 2019 har det vore eit drøftingsmøte mellom Seljord, Kviteseid og Notodden kommune. Den 17. juni 2019 var det eit fellesmøte ved Notodden legevakt kor fordelingsnøkkel og kostnadar vart presentert. I etterkant har kommunen fått eit tilbodsbrief frå Notodden kommune, den 28. juni 2019, med tilbod om full legevaktsdekning på natt for kommunane Seljord og Kviteseid. Kostnaden etter ny avtale er sett til 1.675.000 kroner for 2020. I utkast til avtale, som kommunen fekk tilsendt den 6. august, står det at kostnaden i tilbodet er berekna å vere 10,5 % av Notodden interkommunale legevakt sitt driftsbudsjett for 2019. Prosentsatsen dannar såleis grunnlaget for framtidige prisjusteringar. **Som for gamal avtale, er frist for oppseiing sett til eit år.**

Ny og gamal avtale sett i samanheng

I 2020 skal Seljord og Kviteseid kommune betale ca. 794.000 kroner for telefoneneste på natt til Notodden kommune etter eksisterande avtale. I tillegg kjem kostnadane for legevakt på natt som er estimert til å vere ca. 875.000 kroner (2020 tal). **Berekna kostnad for 2020 med eksisterande avtale vert på 1.773.000 kroner.**

For Seljord og Kviteseid til saman – 2020 tal	Beløp i 2020
Løn legar på nattevakt	714.000 kr
Tap av inntekt pga kompenseringe fri dagen etter	268.000 kr
Inntekter frå legeoppdrag i Seljord på natt	-107.000 kr
Sum nattevakt legar – Netto kostnad	875.000 kr
Telefonteneste Notodden – dagens avtale	794.000 kr

Ekstrakostnad som følge av kommunesamanslåing	104.000 kr
Samla sum telefoneneste Notodden, etter kommunesamanslåing	898.000 kr
Samla sum eksisterande avtale, etter kommunesamanslåing	1.773.000 kr

I tillegg kjem utfordringane med sikkerheita og slitasje på personalet på natt. Kostnadar som kjem i tillegg for å løyse desse utfordringane er ikkje vurdert i denne saka, men det er ingen tvil om at det vil koste å styrke personalet ved legeutrykkingar eller ved å etablere eit legekantor ved institusjonen.

Ny avtale med Notodden kommune gjev ein kostnad på 1.675.000 kroner for 2020. Denne ordninga gjev mest sannsynleg færre vakter for legane i Seljord og Kviteseid. Ein reduksjon i kompenseringe fri dagen etter gjev ei høgare inntening på dag, men den er ikkje berekna i denne saka. Kostnaden for kompenseringe fri etter ny avtale er berekna til 107.000 kroner (2020 tal). I tillegg vert det bortfall av inntekter ved at alle legeoppdraga vert utført av Notodden legevakt. **Ein total kostnad for legevakt på natt er estimert til å vere 1.782.000 kroner.**

All nattevakt på Notodden – Ny avtale med Notodden – 2020 tal	Beløp i 2020
Full legevaksordning på natt i Notodden (lege og sjukepleiar)	1.675.000 kr
Tap av inntekt pga kompenseringe fri dagen etter (færre vakter for legar i Seljord og Kviteseid når legevakta på natt er i Notodden)	107.000 kr
Inntekter frå legeoppdrag i Seljord på natt	0 kr
Samla sum eksisterande avtale, etter kommunesamanslåing	1.782.000 kr

Konklusjon:

Ut frå dei fakta som er nemnt i saka, er det ingen tvil om at det vil verte auka utgifter knytt til drift av legevakt i framtida. Både fordi Bø og Sauherad vert ein kommune frå 2020, og fordi det er utfordringar knytt til dagens drift av legevakt på natt som Seljord og Kviteseid kommune vanskeleg kan løyse aleine utan store kostnadar. Det er gjort fleire forsøk på å få med andre kommunar i Vest-Telemark i legevaksamarbeidet utan at dette har lykkast.

Eit utvida legevaksamarbeid med Notodden kommune om full legevaksdekning på natt, kan sjå ut til å vere det beste alternativet for Seljord og Kviteseid kommune. Løysinga er prøvd ut tidligare utan store ulemper for innbyggjarane, den gjev auka sikkerheit for dei tilsette og minkar slitasjen og vaktbelastninga. I tillegg er kvaliteten på Notodden legevakt god slik at det er eit godt fagleg tilbod til innbyggjarane i Seljord og Kviteseid kommune.

Når det gjeld økonomi, vil både den nye og den gamle avtala gje auke i kostnadar. Berekingane som er gjort i saka visar at utan å gjere tiltak ved legevakta i Seljord vert kostnadene lik for begge avtalene. Om Seljord og Kviteseid vel å fortsette eksisterande avtale, må det gjerast tiltak for å sikre dei tilsette på vakt, noko som mest sannsynleg gjev ei ytterlegare auke i kostnadane. Det kan difor sjå ut til å vere ein økonomisk fordel vele ny avtale med Notodden kommune om full legevaksordning på natt.

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen rår kommunestyret til å gje si tilslutning til tilbodet om full legevaktsdekning ved Notodden interkommunale legevakt, med start hausten 2019.

Dei auka utgiftene knytt til legevakt vert innarbeida i framtidige budsjett som varige driftsutgifter.

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 22.08.2019

Tilleggsforslag frå Beate Marie Dahl Eide (Sp):

1.Seljord kommune ynskjer at arbeidet med ei felles legevakt for Vest-Telemark vert teke opp att og vil løfte opp dette temaet i Vest-Telemarkrådet.

2.Endringsforslag i avtaleteksten: Det må vere eitt års oppseiing frå oppseiingsdato.

Punkt 1 i tilleggsforslaget frå Beate Marie Dahl Eide (Sp) vart samrøystes vedteke.

Punkt 2 fall med 3 mot 4 stemmer.

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 22.08.2019

Kommunestyret gjev si tilslutning til tilbodet om full legevaktsdekning ved Notodden interkommunale legevakt, med start hausten 2019.

Dei auka utgiftene knytt til legevakt vert innarbeida i framtidige budsjett som varige driftsutgifter.

Seljord kommune ynskjer at arbeidet med ei felles legevakt for Vest-Telemark vert teke opp att og vil løfte opp dette temaet i Vest-Telemarkrådet.

Handsaming i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 03.09.2019

Formannskapetets tilråding frå 22.08.2019 vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 03.09.2019

Kommunestyret gjev si tilslutning til tilbodet om full legevaktsdekning ved Notodden interkommunale legevakt, med start hausten 2019. Dei auka utgiftene knytt til legevakt vert innarbeida i framtidige budsjett som varige driftsutgifter. Seljord kommune ynskjer at arbeidet med ei felles legevakt for Vest-Telemark vert teke opp att og vil løfte opp dette temaet i Vest-Telemarkrådet.